

notat

Til: Språkrådet

Fra: Høgskolen i Oslo, Avd. for lærerutdanning og internasjonale studier

Dato: 25.02.11 Saksnr./arkivnr: 2011/438

NY RETTSKRIVING FOR NYNORSK - HØYRINGSFRÅSEGN

Vi viser til høyringsbrev 1. februar.

Til dei framlegga vi er bedne spesielt om å uttale oss om, har vi desse kommentarane:

- **Berre -leg, ikkje -lig** (endeleg, ikke endelig)

Vi står framlegget. Dette er ei innstramming som det bør vera lett å praktisere.

- **Berre -stilling, ikkje -stelling** (framstilling, ikkje framstelling).

Vi står dette som prinsipp for ord som i gjeldande rettskriving har -stelling som valform. Vi tek atterhald for ord med -stelling som eineform, t.d. førestelling (tanke).

- **Valfri j i verb som legge/leggje og søkje/søke og svake hokjønnsord som bryggje/brygge og enkle/enke.**

Vi står framlegget. Regelen bør kunne fungere inkluderande.

- **Former med diftong blir eineformer i ord som drøyme, høyre og køyre. Nemnda har særleg fått innvendingar mot å stryke forma kjøre**

Diftongformene er velkjende og lette å lære. Vi vil likevel åtvare mot å la dei bli einerådande. Dei monoftongerte formene har basis i vanleg talemål i gode nynorskområde og bør framleis ha status som valformer.

- **Former som i dag har hovudform med dobbel konsonant og klammeform med enkel, skal i dei fleste tilfelle berre ha forma med dobbel konsonant i den nye rettskrivinga (ramme, danne).**

Dette bør vera ei grei forenkling. Vi står framlegget.

- **Valfri samsvarbøyning i perfektum partisipp av svake verb (Dei er presenterte/presentert). Obligatorisk samsvarbøyning i perfektum partisipp av sterke verb (Dei er frosne).**

Vi er klar over at det kan vera vanskeleg å praktisere rett samsvarbøyning, og slik sett kan ein forstå at nemnda tek det opp i denne samanhengen. Men dersom målet er å forenkle regelverket, vil vi minne om at det framleis vil vera samansett. Vi vil òg minne om at samsvarbøyning ikkje er eit spørsmål om rettskriving, men om formverk. Vi har å gjera med eit karaktertrekk ved nynorsk, og ein bør ha særleg gode grunnar for å endre på det.

- **Dykk som subjektsform vert jamstilt med de. Her har nemnda òg fått innspel om å velje dialektformer som dokke(r), dåkke(r) eller dokk.**

Vi kan ikkje stø framlegget. Forma 'dykk' er etter vår vurdering ikkje ei alternativ subjektform.

- **I nokre høgfrekvente ord gjer nemnda framlegg om å stryke dei jamstelte formene *skole* og *mye*, saman med klammeformene *[noe(n)]* og *[bare]*.**

Vi kan ikkje stø framlegget. Delar av argumentasjonen kan vi stille oss bak, men mange av formene som blir borte, har brei støtte i talemålet. Det er viktig at den nye rettskrivinga tek omsyn til nynorske randsoner, ikkje bare kjerneområda.

- **Kløvd infinitiv (vera/tenkje) går ut av rettskrivinga**

Vi kan ikkje stø framlegget og har vanskeleg for å forstå kvifor det i det heile blir reist. At det er tre alternativ i infinitiv, er lett å lære, det er stramt nok, og det har mye å bety for landsdekkingsa. Kløyvd infinitiv har lang tradisjon i tale og skrift, sit i ryggmergen på mange og er i det heile eit godt og enkelt system med stor gevinst. Det er eit viktig målmerke i store delar av landet, og akkurat på dette punktet ser vi korleis nynorsk oppfører seg annleis enn bokmål i møtet med talemål. Mange forfattarar og omsetjarar har brukt og bruker kløyvd infinitiv. Å halde på dette bør ikkje vera til skade for nokon.

- **I-mål (*sola [soli]* (bunden form eintal), *husa [husi]* (bunden form fleirtal)) går ut av rettskrivinga**

Det er vanskeleg for oss å stø nemnda her. I-formene er klammeformer i gjeldande rettskriving, så slik sett er det ikkje overraskande at framlegget kjem. Men også i dette tilfellet har vi etter vår vurdering å gjera med det vi vil kalle eit karaktertrekk i nynorsken. I-formene er det mange som kjenner seg att i ut frå eige talemål, og vi meiner tida ikkje er inne for å ta dei ut.

Med helsing

Cecilie Wilberg
avdelingsdirektør
/sign./